



Utval: Opplærings- og helseutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen 3. etg., Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5
Dato: 02.06.2015
Tidspunkt: 10:00 – 11:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Stenseide	Leiar	FRP
Jane Kirsti Stangeland	Medlem	A
Jette Lunemann Hansen	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Toralv Mikkelsen	Medlem	A
Rosalind Fosse	Medlem	FRP
Dan Stian Femoen	Nestleiar	H
Gunn Mari Moberg	Medlem	H
Aslaug Hellesøy	Medlem	KRF
Alexander Fosse Andersen	Medlem	FL SP/MDG
Anette Netteland Dybvik	Medlem	H
Bjørnar Hamre	Medlem	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Børge Lunde	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ingen varamedlemer møtte		

Merknader

Det var 12 representantar til stades.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Svein Heggheim	Fylkesdirektør
Birthe Haugen	Seksjonsleiar fellestenester
Arne Åsan	Fylkestannlege
Øydis R. Ziem	Utvalssekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 45/15	Godkjenning møteinnkalling		
PS 46/15	Godkjenning møteprotokoll forrige møte		
PS 47/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 23/15	Svar på forslag til gjennomføring av politisk skuleval 2015	2015/2358	
RS 24/15	Skulebruksplanen og framtida for Hjeltnes vidaregåande skule - utsetjing av politisk sak	2014/10030	
RS 25/15	Svar på oversendingsforslag vedkommande eksamensdatoar	2015/5070	
RS 26/15	Skulefrukost	2015/5010	
PS 48/15	Moglegheiter for å opprette ei entreprenørskapslinje i Hordaland	2015/4796	
PS 49/15	Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) – løypemelding vår 2015	2014/10030	
PS 50/15	Fordeling av investeringsmidlar	2015/5326	
PS 51/15	Regional areal- og transportplan for Bergensområdet - Vedtak av høyringsforslag	2014/1180	
PS 52/15	Samlokalisering av Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole	2014/10030	
PS 53/15	Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - budsjettfordeling nr. 3 - 2015	2014/598	
PS 54/15	Ymse		

PS 45/15 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 02.06.2015

Vedtak

Møteinnkallinga og saklista vart samrøystes godkjent.

PS 46/15 Godkjenning møteprotokoll forrige møte

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 02.06.2015

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i OPHE 12. mai vart samrøystes godkjent.

PS 47/15 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 02.06.2015

RS2615: Alexander Fosse Andersen sette fram følgjande oversendingsforslag på vegner av utvalet:

«Ber om eit notat med vurdering av samanheng mellom trivsel/elevmiljø og fråfall ved skular som har tilbod om skulemåltid».

Oversendingsforslaget vart vedteke oversend administrasjonen.

Øvrige meldingar vart tekne til orientering.

RS 23/15 Svar på forslag til gjennomføring av politisk skuleval 2015

RS 24/15 Skulebruksplanen og framtida for Hjeltnes vidaregåande skule - utsetjing av politisk sak

RS 25/15 Svar på oversendingsforslag vedkommande eksamensdatoar

RS 26/15 Skulefrukost

PS 48/15 Moglegheiter for å opprette ei entreprenørskapslinje i Hordaland

Moglegheiter for å opprette ei entreprenørskaps- og innovasjonslinje i Hordaland

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til møte i Opplærings- og helseutvalet 20.01.15 der Dan Femoen sette fram følgjande forslag:

«Ønsker en sak til OPHE der man ser på mulighetene for å opprette en entreprenørskaps- og innovasjonslinje i Hordaland; gjerne i samarbeid med fagskolen/høgskolen/universitetet og Ungt Entreprenørskap». Oversendingsforslaget vart samrøystes vedteke oversend fylkesrådmannen.

Entreprenørskap er ein del av utdanninga på alle nivå i utdanningssystemet, og i dei seinare åra har det vore auka merksemd knytt til entreprenørskap i utdanninga. Ei topplinje for entreprenørskap ligg på studiespesialiserande programområde, og elevane får studiekompetanse etter vanlege reglar for vitnemål. Å gå på ei entreprenørskaps- og innovasjonslinje betyr at elevane får fleire timar totalt pr. veke. Derfor må linja ha eigen søknadskode, og det bør vere eit tilbod som blir gitt på nokre få skular.

Det er ulike måtar å organisere ei slik linje på. Nokre skular har topplinje for entreprenørskap innanfor realfag, andre har meir fokus på språk eller mediefag. Mange skular i Hordaland har allereie etablert eit tett samarbeid med forskarmiljø og med ulike bedrifter, både lokalt og internasjonalt. Desse samarbeidsavtalane må dei utvikle og byggje vidare på, og det er viktig at ei entreprenørskaps- og innovasjonslinje vender seg ut mot fagmiljø og næringslivet. Gjennom ei entreprenørskaps- og innovasjonslinje vil elevane lære seg ein måte å arbeide på, og skape seg eit nettverk som kan vere verdifullt ved seinare studium og yrkesliv.

Fylkesrådmannen ser det slik at det er fullt mogleg å opprette ei entreprenørskaps- og innovasjonslinje utan store omorganiseringar på skulen. Fylket har fleire topplinjer for idrett, og ei entreprenørskaps- og innovasjonslinje kan organiserast på same måte med nokre vilkår.

På grunnlag av dette foreslår fylkesrådmannen at:

1. Skulane i HFK kan søkje Fylkesdirektør opplæring om å opprette linje for Entreprenørskap og innovasjon. Linja skal liggje på studiespesialiserande programområde og må organiserast med eit utvida timetal for elevane
2. Entreprenørskaps- og innovasjonslinja må få eigen inntakskode og stå som eit eige val i skulekatalogen
3. Skulen må dokumentere at krava til samansetjing av fag for å få godkjend vitnemål er oppfylte. Det er ikkje mogleg å dele opp fag over fleire årstrinn. I dei høva eit fag blir flytta, til dømes frå VG2 til VG1, må heile faget flyttast.
4. I skulen si organisering vil fylkesrådmannen anbefale at ungdomsbedrift er ein del av opplæringa og at det bør vere ein tett kontakt både med næringslivet og høgare utdanning.

Forslag til vedtak

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til forslaget frå fylkesrådmannen om å opprette ei entreprenørskaps- og innovasjonslinje i Hordaland fylkeskommune.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 02.06.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til forslaget frå fylkesrådmannen om å opprette ei entreprenørskaps- og innovasjonslinje i Hordaland fylkeskommune.

PS 49/15 Oppfølging av skulebruksplanen (SBP) – løypemelding vår 2015

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 02.06.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet tek saka til orientering

PS 50/15 Fordeling av investeringsmidlar

Fylkesrådmannen viser til vedtak i Fylkestinget - Budsjett 2015, der det vert løyvd 10 mill kr til investering i større utstyr ved dei vidaregåande skulane. Fylkesrådmannen ønskjer å nytte investeringsmidlar innan studieprogramma Bygg- og anleggsteknikk (BA), samt Teknikk og industriell produksjon (TIP). Dette er særleg kostnadskrevjande program for skulane, både med tanke på vedlikehald og investering i nye maskiner og utstyr. Mange av maskinene som no er i drift ute på skulane, er eldre modellar som bør skiftast ut, både med tanke på den teknologiske utviklinga innan fagområda, krav til læreplan og kompetansemål, og for å sikre ei forsvarleg drift i høve til gjeldande HMT-krav.

Skulane har fått høve til å sende inn søknadar der dei grunngjev eigne vurderingar og behov, samt melde tilbake kva utstyr som vil vere aktuelt, og prisoverslag på eigne ynskje.

Fylkeskommunen mottok søknader frå alle dei 21 skulane som tilbyr studieprogramma (BA og TIP). Til saman utgjorde søknadene ein totalsum på rundt 27 millionar. Etter ein gjennomgang av søknadene har fylkesrådmannen prioritert å fordele midlar mellom totalt 9 skular. Fylkesrådmannen ønskjer å setje av midlar i budsjetta for åra 2016 og 2017 for å kunne gje tilskot til investeringsbehova som er komne fram i denne kartlegginga.

Forslag til vedtak

Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til forslaget slik det ligg føre i saksutgreiinga

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 02.06.2015

Representanten **Rosalind Fosse** sette fram følgjande forslag til nytt tilleggspunkt på vegner av utvalet:

«Tilleggspunkt:

Opplærings- og helseutvalet henviser til innkomne forslag fra skolene og bevilger resterende av samlefonds budsjettpost på 3,6 millioner:

Årstad vgs:	500.000 til undervisningsmateriell for Pneumatikk
Slåtthaug vgs:	500.000 til oppgradering av utstyr
Odda vgs:	500.000 til maskiner og utstyr
Askøy vgs:	500.000 til oppgradering av utstyr
Rubbestadnes vgs:	500.000 til oppgradering av utstyr
Etne vgs:	50.000 etter søknad
Austrheim vgs:	250.000 til nytt utstyr
Norheimsund vgs:	400.000 til maskiner og utstyr
Kvinnherad vgs:	400.000 til oppgradering av utstyr

Utvalet henviser til tidligere budsjettpost på 35 millioner og til samlefondavsetninger. Opplærings- og helseutvalet ber om at neste års budsjett/avsetning prioriterer utstyr som ikke har kommet med i denne tildelingen.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke saman med Fosse sitt fellesforslag.

Vedtak

1. Opplærings- og helseutvalet sluttar seg til forslaget slik det ligg føre i saksutgreiinga.
2. Opplærings- og helseutvalet viser til innkomne forslag frå skulane og bevilger resterande av samlefonds-budsjettposten på 3,6 millionar:

Årstad vgs:	500.000 til undervisningsmateriell for Pneumatikk
Slåtthaug vgs:	500.000 til oppgradering av utstyr
Odda vgs:	500.000 til maskiner og utstyr
Askøy vgs:	500.000 til oppgradering av utstyr
Rubbestadnes vgs:	500.000 til oppgradering av utstyr
Etne vgs:	50.000 etter søknad
Austrheim vgs:	250.000 til nytt utstyr
Norheimsund vgs:	400.000 til maskiner og utstyr
Kvinnherad vgs:	400.000 til oppgradering av utstyr

Utvalet viser til tidlegare budsjettpost på 35 millionar og til samlefondavsetningar. Opplærings- og helseutvalet ber om at neste års budsjett/avsetning prioriterer utstyr som ikkje har kom med i denne tildelinga.

PS 51/15 Regional areal- og transportplan for Bergensområdet - Vedtak av høyringsforslag

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å sende forslag til *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn. Høyringsfristen vert satt til 1. oktober

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 02.06.2015

Anne-Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Nytt pkt.2. Fylkesutvalet legg til grunn at prinsippet for prioritering av vekst og vern i høve til kulturminne og friluftsliv må greiast ut nærmare.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Njærheim sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å sende forslag til *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn. Høyringsfristen vert satt til 1. oktober.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at prinsippet for prioritering av vekst og vern i høve til kulturminne og friluftsliv må greiast ut nærmare.»

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 03.06.2015

Vedtak

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 02.06.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å sende forslag til *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn. Høyringsfristen vert sett til 1. oktober.

PS 52/15 Samlokalisering av Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek at det vert arbeidd vidare med alternativet Nedre Nygård som framtidig lokalisering for Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole.

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet – 02.06.2015

Representanten **Aslaug Hellesøy** sette fram følgjande tilleggsforslag på vegner av heile utvalet:

- Punkt 1: Som fylkesrådmannen
- Punkt 2: Det må takast omsyn til at antal fagskular skal reduserast frå 46 til under 10. Fagskolen i Hordaland bør ha som mål å styrka sin posisjon. Det må takast omsyn til ein framtidig vekst i antal studentar ved Fagskolen i Hordaland.
- Punkt 3: Da fagskulen har stor søknad og fleire søkjarar ikkje idag får tilbod grunna mangel på finansiering og plass, må det setjast av nok areal for å møta dette på sikt.
- Punkt 4: Fylkestinget ber om at det i det vidare arbeidet med Nedre Nygård blir lagt til grunn at Hordaland Helsefagskole eventuelt kan samlokaliseras i same lokale.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke saman med Hellesøy sine tilleggsforslag.

Innstilling

1. Fylkestinget vedtek at det vert arbeidd vidare med alternativet Nedre Nygård som framtidig lokalisering av Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole.
2. Det må takast omsyn til at antal fagskular skal reduserast frå 46 til under 10. Fagskolen i Hordaland bør ha som mål å styrka sin posisjon. Det må takast omsyn til ein framtidig vekst i antal studentar ved Fagskolen i Hordaland.
3. Da fagskulen har stor søknad og fleire søkjarar ikkje idag får tilbod grunna mangel på finansiering og plass, må det setjast av nok areal for å møta dette på sikt.
4. Fylkestinget ber om at det i det vidare arbeidet med Nedre Nygård blir lagt til grunn at Hordaland Helsefagskole eventuelt kan samlokaliseras i same lokale.

PS 53/15 Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - budsjettfordeling nr. 3 - 2015

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren i 2015 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	639.020.00	02320	02143	Årstad vgs – Bygg C - Rehabilitering	5 000 000	
10	646.020.00	02320	03236	Os vgs – Utbetring av ventilasjon	7 000 000	
10	648.020.00	02320	03230	Austevoll vgs. – Inneklima	2 700 000	
10	628.020.00	02320	02131	Odda vgs skole – Yrkesfagb. – rehab.	5 000 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		19 700 000
				19 700 000	19 700 000	

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 02.06.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes godkjent.

Innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren i 2015 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	639.020.00	02320	02143	Årstad vgs – Bygg C - Rehabilitering	5 000 000	
10	646.020.00	02320	03236	Os vgs – Utbetring av ventilasjon	7 000 000	
10	648.020.00	02320	03230	Austevoll vgs. – Inneklima	2 700 000	
10	628.020.00	02320	02131	Odda vgs skole – Yrkesfagb. – rehab.	5 000 000	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		19 700 000
				19 700 000	19 700 000	

PS 54/15 Ymse

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 02.06.2015

Dokument utdelt i møtet:

1. Uttale frå Hordaland fagskulestyre datert 01.06.15 vedk. sak «Samlokalisering av Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole».
2. Brev/resolusjon frå Utdanningsforbundet Hordaland datert 27.05.15: «Vern om fellesskolen».

Vedk. opning av Sommarskolen 2015: Opplærings- og helseutvalet fordeler oppgavene slik:

24.juni kl. 09.00: Knarvik: Bjørnar Hamre
 Askøy: Roald Stenseide
 Stord: Aslaug Hellesøy
 Bergen: Jette Lunemann Hansen

Open time

Rasmus Laupsa Rasmussen stilte følgjande spørsmål vedk. «lærarspesialistordninga»:

- a) I kva møte vart saka fremja i Fylkesutvalet?
- b) Kvifor har ikkje saka vore lagt fram for OPHE?
- c) Har saka vore drøfta med tillitsvalde?

Spørsmåla vart oversende administrasjonen.

Toralv Mikkelsen stilte spørsmål vedk. årsmøte i Landssamanslutninga av nynorskkommunar 4.-5. juni
Opplærings- og helseutvalet er samde om at Toralv Mikkelsen møter for HFK.

Alexander Fosse Andersen stilte spørsmål om status for det pågåande forskningsprosjektet vedk.
elevar som byter målform frå grunnskule til vidaregåande skule.

Fylkesdirektør svara på spørsmålet.

Alexander Fosse Andersen stilte spørsmål om kvifor ikkje den vedtekne homo-planen var tilgjengeleg
på Internett.

Fylkesdirektør svara på spørsmålet.